

**Fra:** Helge Rambjør <helgerambjor@gmail.com>  
**Sendt:** lørdag 7. februar 2015 16:36  
**Til:** Vabø Tonje  
**Emne:** Oppgradering av FV-57 Lindås - Mongstad, uttale frå Gnr 121 br nr 5

Hei

Viser til start av planarbeid for oppgradering av og etablering av gang- og sykkelsti på FV-57 mellom Lindås og Mongstad.

Eg er eigar av Gnr 121 br nr 5.

FV-57 kryssar vår eigedom mellom Lauvås og Knarvikgarden. Førebelts har me følgjande krav:

1. Ved utviding må vegen utvidast mot sør (sør/sørvest), då det på den nordre (nord/nordaustre) sida (mot sjøen) er ein strekning med bratt skråning, det er eit meir verdifullt område på den nordre sida, samt at ved å utvida mot sør får ein retta ut vegen.
2. På den nordre sida er det 3 landbruksavkjørslar ved le i gjerde, og på den søre sida er det 1 landbruksavkjørsel. Det må tilretteleggjast for at desse 4 avkjørslane kan brukast også etter at vegen er ferdig.
3. Framtidige hus i utmarka på nordsida av vegen skal ha rett til bruка sykkel- og gangstien som køyreveg til nærmeste kryss.
4. Sykkel- og gangsti på nordsida av vegen må dimensjonerast slik at den kan brukast av traktor med tankvogn for spreiling av naturgjødsel (gylle) nedover beitet mot sjøen.

Med helsing Helge Rambjør, Knarvikgarden 61, 5955 Lindås

E-post: helgerambjor@gmail.com

Tlf nr 99356790

Sendt fra min iPad